



Arkivnr: 2015/2934-26

Saksbehandlar: Per Nordmark, Eva Katrine Ritland Taule, Gunhild Raddum, Endre Korsøen, Tron Olav Wahl, Vibeke Saure Lokøy, Tale Halsør, Helene Moe, Jostein Aksdal, Gunnbjørg Austrheim, Anne Mette Nesje Porten, Grete Kathrine Jacobsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.02.2019

## Fråsegn til høyring av arealdel 2018 – 2030 av kommuneplan for Vaksdal kommune

### Samandrag

Vaksdal kommune rullerer arealdelen av kommuneplanen frå 2007, og legg til grunn samfunnsdelen som kommunen rullerte med vedtak februar 2017. Kommunen legg i stor grad til grunn nasjonale og lokale føringar, og legg opp til ei tydeleg satsing på å styrkja stasjonsbygdene Vaksdal, Stanghelle og Dale, der Dale framleis skal vera kommunesenter. Samstundes er ambisjonen å oppretthalda levande bygder. Stasjonsbygdene som attraktive senter vert vektlagt for å oppnå dette.

Kommunen sin visjon er og skal vera «Bynært bygdeliv», bygd på verdiane: samhald – open – nyskapande. Planen prioriterer fire hovudtema: folketalsutvikling – bustad – næringsutvikling – samferdsle. Kommunen definerer tettstadane som vekstsoner. Distrikta/dalføra i kommunen vert definert som soner for bygdeutvikling. For dei 3 stasjonsbygdene definerer arealplanen sentrumsområde og eit noko større område som areal for områdeutvikling. Kommunen har fjerna areal for akvakultur frå planen av miljøomsyn. Fylkesrådmannen meiner dette må takast inn att i planen og tilrår motsegn.

Det føregår arbeid med Statleg plan for ny E16 og Vossebana mellom Arna og Stanghelle (K5). Det er utfordrande å finna gode løysingar, og det er venta å ta enno to år før det vert gjort planvedtak. Desse infrastrukturtiltaka vil leggja vesentlege premisser for utviklinga av Vaksdal og Stanghelle, seinare óg Dale. Arealdelen kan difor ikkje vera konkret for desse stasjonsbygdene. Arealdelen gjev difor berre overordna og generelle føringar.

Det er starta områderegeringsplanar for Vaksdal og Stanghelle som skal detaljplanleggja desse bygdene. Desse planane kan ikkje fullførast før det er gjort vedtak i statleg plan som fastset traséval m.m.

Vaksdal kommune har fått store samfunns- og planutfordringar på grunn av K5 og statleg plan. Hordaland fylkeskommune har støtta kommunen økonomisk og fagleg som hjelp til å handtera utfordringane. Kommunen har hatt eit aktivt samarbeid med prosjektorganisasjonen for K5 og med regionale etatar. Kommunen har brukt regionalt planforum aktivt i planarbeidet.

## Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har slike merknader til kommuneplanen sin arealdel:

1. Framlegg til rullert arealdel av kommuneplanen har mål og legg føringar som i det vesentlege er i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Bygging av ny veg og bane mellom Arna og Stanghelle (K5) er eit viktig nasjonalt og regionalt infrastrukturiltak. Utvalet har forståing for den krevjande situasjon det er å planleggja framtidig arealbruk når statleg plan for K5 ikkje er vedteken. Kombinasjonen med områderuleringsplanar for stasjonsbygdene ser utvalet som ein god arbeidsmåte.
2. 1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur ikkje er ivaretatt i planframlegget frå Vaksdal kommune, særleg i høve til fjerning av areal avsett til eksisterande akvakulturanlegg. Det er knytt motsegn til følgjande punkt:  
Akvakulturanlegget ved Sandvik må sikrast tilstrekkeleg areal.  
  
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at akvakulturområde ved Sandvik skal vidareførast og tilpassast framtidige behov då området kan nyttast til andre artar og produksjonsformer dersom det viser seg at produksjon av regnbogeare ikkje er miljømessig berekraftig i framtida.
3. Føresegner og retningslinjer for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i føresegner og retningslinjer til arealdelen av kommuneplanen. Det er knytt motsegn til dette punktet om dette ikkje vert gjort.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader til KPA:
  - I. Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.
  - II. Vaksdal kommune må leggje inn omsynssoner kring fornminnelokalitetane id 66745, 215630, 25652, 6091.  
  
Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når slike omsynssoner er innarbeidd i planen.
  - III. Vaksdal kommune må retta opp kart ved Dalegarden med omsyn til manglande kulturminnemarkering av id 238862.  
  
Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når plankartet er retta opp.
  - IV. Under omsynssone d), Mellomalderiske kyrkjestader, må følgjande tekst takast inn i kommuneplanen sine føresegner:  
  
«Eksingedalen kyrkjestad (id 84083) og Stamnes kyrkjestad (id 85543) er automatisk freda. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan virke inn på den automatisk freda kyrkjestaden med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.  
  
Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.  
Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje bli flytta eller fjerna utan at kulturminnemyndigheitene er gitt høve til å komme med fråsegn.

Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt rette kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnadar knytt til nødvendige undersøkingar skal belastast tiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.»

Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når teksten er tatt inn i føresegnene til planen.

- V. Følgjande tekst må takast inn i kommuneplanen sine føresegn:

«Vegfaret Dalseid - Eidslandet er statleg listeført. Innanfor omsynssona skal det ikkjeetablerast tiltak som kan svekkje kulturminneverdiane. Veggen skal bevarast uendra eller førast tilbake til opphavleg utføring i tråd med dokumentasjon og i samråd med kulturminnestyresmakt. Mindre endringar kan berre tillatast etter ei kulturminnefagleg vurdering hos kulturminnestyresmakt.»

Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når teksten er innarbeidd i planen.

- VI. Hordaland fylkeskommune ber om at punkt 1.6.2 i føresegner og retningsliner justerast, til:

«1.6.2 Verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.»

- VII. Hordaland fylkeskommune ber Vaksdal kommune sikre fleire kulturminne som er nemnt i kulturminneplanen, gjennom omsynssone H570 med føresegn og retningsliner.

Det vert varsla motsegn til dette punktet. Motsegna vert trekt når dette er utført.

- VIII. Hordaland fylkeskommune ber om at føresegn og retningsliner sikar at areal som gjeld utfylling i sjø, vert sendt Fylkeskonservatoren. Arbeidet med saker som gjeld utfylling i sjø må sjåast i samheng med utarbeiding av områdeplaner og arbeidet med ein kulturhistorisk analyse av tettstadene Vaksdal og Stanghelle.

- IX. Hordaland fylkeskommune ber om at Vaksdal kommune gjennomfører ei kulturhistorisk analyse som tek føre seg dei tre stasjonsbygdene Vaksdal, Stanghelle og Dale.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 29.01.2019

### Bakgrunn

Vaksdal kommune har sendt arealdelen på høyring med frist 20. desember 2018. Fylkeskommunen har fått utsett frist grunna politisk handsaming til 12. februar 2019.

Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsetjingar i regionale planar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn og fremje motsegn til planen dersom planen er i konflikt med viktige regionale og nasjonale interesser.

Når motsegn vert fremja må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene vert avklart i møte med kommunen. Dersom det ikkje vert semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Vestland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremja motsegn i saka. (jf. Forskrift til Kulturminnelova kap. 1, § 3)

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land og sjøområde.

### 1.1 Planprosess og medverknad

Vaksdal kommune har sett trong for å rullera arealdelen av kommuneplanen frå 2006, men har møtt vesentlege utfordringar på grunn av det pågåande arbeidet med statleg plan for K5, der det enno ikkje er klarlagt traséar og løysingar for ny veg og jernbane. Desse tiltaka vil ha omfattande verknader både for arealbruk og samfunnsutvikling i kommunen, særleg i stasjonsbygdene Vaksdal og Stanghelle.

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til planprogrammet i brev av 27.03.2015. Vaksdal kommune vedtok planprogram for rullering av kommuneplanen, både samfunnsdel og arealdel 22.06.2015.

Kommunen har nytta konsulent i planarbeidet. Kommunen har lagt vekt på å ha ein transparent og open planprosess. Dette er gjennomført i praksis med mellom anna 4 opne folkemøte i 2015, god informasjon i lokalavisa og ein omfattande informasjons- og deltakingsprosess i høyringsperioden.



*Illustrasjonen: oppslag i Vaksdalposten om arealdelen til kommuneplanen*

Parallelt med arbeidet med rullering av kommuneplanen har det gått føre seg eit omfattande arbeid med statleg reguleringsplan for ny trasé for Vossebana og Europaveg E16 Arna – Stanghelle (K5). Det statlege planarbeidet har gjort at publikum generelt er informert og engasjert i samfunns- og arealutviklinga i kommunen.

Kommunen har ønskt innspel og råd frå regionale etatar under utarbeidinga av planen. Det har vore fleire møte med ulike etatar. Under utarbeidinga har forslag til arealdel to gonger vore presentert og drøfta i regionalt planforum.

Forslaget til arealdel ber preg av at det framleis er mykje uklart og usikkert når det gjeld statleg plan, og korleis arealdelen av kommuneplanen før planvedtak skal ta høgde for det som kan verta resultatet. I denne situasjonen har kommunen lagt vekt på god kommunikasjon med prosjektorganisasjonen for K5 og med regionale etatar. Bruk og/eller deponering av dei enorme steinmassane (ca 10 mill m<sup>3</sup>) frå prosjektet er ei vesentleg utfordring.

Hordaland fylkeskommune har gitt økonomisk og fagleg støtte til Vaksdal kommune for å takla dei store samfunns- og plan-utfordringane som statleg plan for ny veg og bane påfører kommunen.

### Innhald i planen

I dette avsnittet blir innhaldet i planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensar for regionale interesser.

#### 2.1 Samfunnsdel

Vaksdal kommune har rullert samfunnsdelen som var frå 2005, og vedtok ny samfunnsdel 13. februar 2017. Kommunen har lagt vekt på at arealdelen av kommuneplanen skal leggja til rette for at ein kan nå mål og gjennomføra strategiar som er vedtekne i samfunnsdelen. Folketalsutvikling er særleg fokusert og kommunen har for arealdelen prioritert å fokusera på tilrettelegging av næringsareal og bustadareal nær Bergen, men og på busetnad i indre strøk av kommunen der ein ønskjer å oppretthalda levande bygder.

Hordaland fylkeskommune prognoserer ein folketalsnedgang for kommunen, men kommunen meiner at ny veg og jernbane vil leggja tilhøva til rette for ein auke i folketalet. For å oppnå dette peikar kommunen på at då må stasjonsbygdene utviklast med kvalitet.

I plandokumenta brukar kommunen i hovudsak omgrepet **stasjonsby**, men og **Stasjonsbygd** om Vaksdal, Stanghelle og Dale. Dette er tettstader med om lag 1000 innbyggjarar. Med kommunen sin visjon «Bynært bygdeliv» kan det vera meir naturleg, og gje ein tydelegare identitet om ein brukar omgrepet **stasjonsbygd** for Vaksdal, Stanghelle og Dale.

Vaksdal kommune har i sin samfunnsdel vedteke dette verdigrunnlaget: Samhald – Nyskapande – Open, og visjonen skal framleis vera: Bynært Bygdeliv.

Vaksdal kommune har definert eit hovudmål for kvar av verdiane og desse er:

Samhald: «Vaksdal kommune skal vera ein inkluderande og trygg stad å bu for alle».

Open: «Stasjonsbyane Vaksdal, Dale og Stanghelle er attraktive sentra som inviterer til aktivitet».

Nyskapande: «Vaksdal kommune er proaktiv, og vil vere robust til å handtere dei endringane ein møter».

#### 2.2 Arealdel

##### Planomtale

Planomtalen er eit gjennomarbeidd dokument og ein viktig del av denne arealdelen til kommuneplanen. Det vert i forordet peika på at kommunen har store utfordringar knytt til at traséane i K5 ikkje er avklart. Det er difor ei målsetjing at arealdelen skal vera styrande for arealbruken i det meste av kommunen, medan mykje av utfordringane i stasjonsbygdene Vaksdal og Stanghelle må handterast i områdeplanar som er starta opp, men som må avventa endeleg traseval m.m. Dette er fastsett fyrst når det er gjort vedtak i statleg reguleringsplan. Prognosen er at dette vert om to år, i 2021.

Planomtalen har slik inndeling:

- Innleiing
- Mål for kommuneplanen sin arealdel
- Vaksdal kommune mot 2030
- Konsekvensutgreiing (omtale av konsekvensutgreiinga som er eit eige dokument)

##### **Om innleiing**

I innleiinga vert det forklart kva som er bakgrunn og føremål med planen, og at den er kommunen sitt overordna styringsdokument. Her er definert kva tema kommunen særleg har vektlagt.

I denne delen vert og føringar for planarbeidet presentert. Her inngår nasjonale, men og regionale føringar: regional planstrategi og regionale planar er godt synleggjort.

## Om mål

For arealdelen definerer kommunen slike mål:

- Folketalsutvikling
- Bustad
- Nærings- og arbeidsliv
- Trafikk og samferdsle

## Om folketalsutvikling

Kommunen gjer det tydeleg at hovudsatsinga skal vera utvikling av dei tre stasjonsbygdene Vaksdal, Stanghelle og Dale. Desse tre områda er definert som vekstsoner, sentrale delar av Stamnes er og definert som vekstzone. I desse områda ønskjer kommunen ein planstyrt vekst i tråd med samordna areal- og transportplanlegging. Kommunen ønskjer dessutan å oppretthalda levande bygder, og slike areal er definert som sone for bygdeutvikling. Kommunen meiner, og ønskjer, at sterke og attraktive senter skal styrkja dei meir perifere delane av kommunen, og ved det sikra livskraft óg der.

Kommunen har definert slikt mål for folketalsutvikling:

Hovudmål: Vaksdal kommune skal ha 20 - 40% fleire innbyggjarar i 2040 enn i dag.

## Om bustad

I planomtalen skildrar kommunen bustadsituasjonen og skisser for framtidig bustadutvikling. Det er i gjeldande planar tilgjengeleg areal, men det er trong for nytenking og alternative utbyggingsmåtar.

Kommunen har definert slike mål for bustadutviklinga:

Hovudmål: Vaksdal kommune skal ha ein meir variert bustadstruktur enn i dag.

Delmål 1: 90% av planlagde nye bustader skal ligge innanfor sykkelavstand til ein jernbanestasjon.

Delmål 2: Minst eitt nytt bustadprosjekt skal i planperioden få nasjonal merksemd for kvalitet og nyskaping.

## Om nærings- og arbeidsliv

Vaksdal kommune har 1842 sysselsette og 1232 arbeidsplassar. Utpendlinga er 47% (60% av desse til Bergen), medan innpendlinga er 14%. Kommunen har stort fokus på å få fleire arbeidsplassar i kommunen, og vektlegg at næringsverksemdar i større grad bør integrerast i sentrumsutviklinga, og då med fokus på dei tre stasjonsbygdene. Kommunen har vidare eit tydeleg og sterkt fokus på at tilgjengeleg bygningsmasse frå tidlegare industri må nyttast og vera ein del av sentrum. Kommunen ønskjer velkomen variert bruk; industri, kommunal/offentleg tenesteyting, bustad og kultur i industribygg.

Kommunen har definert slike mål for nærings- og arbeidsliv:

Hovudmål: Vaksdal kommune skal ha eit meir variert næringsliv.

Delmål 1: Vekst i tal nye arbeidsplassar.

Delmål 2: Meir enn 80% av bygningsmassen til industri skal vere i aktiv bruk innan 2030.

Delmål 3: Fleire sysselsette skal jobbe innanfor kommunen i løpet av planperioden.

## Om trafikk og samferdsle

I kommunen er det 33 km riksveg (E16), 94 km fylkesveg (Dalseid – Eksingedalen; fv 569 og Dale Hamlagrø = Bergsdalen fv 314), og 88 km kommunale vegar. Planomtalen har med eit illustrasjonskart som viser trafikkmengda (ÅDT) på dei ulike vegane. Kommunen har stort fokus på det store omfanget av alvorlege trafikkulukker i kommunen og prioriterer trafikktryggleik høgt. Kommunen er «Trafikksikker kommune». Kommunen har og fokus på den låge standarden på fylkesvegane i kommunen som er til hinder for næringsutvikling og anna aktivitet.

Kommunen har definert slike mål for trafikk og samferdsle:

Hovudmål: Vaksdal kommune skal ha ein meir berekraftig bruk av transportsystemet i 2030 enn i dag.

Delmål 1: Kollektivandelen for reiser skal vere > 70% til Bergen uansett bydel, og > 50% for reiser til Voss sentrum ved utgangen av planperioden.

- Delmål 2: Kollektivandelen internt i kommunen skal vere lik eller større enn snittet for Bergensregionen i 2030.
- Delmål 3: Alle skuleborn skal ha trygg skuleveg.
- Delmål 4: I 2030 skal det vere eit samanhengande nettverk av gang-/sykkelvegar i kommunen
- Delmål 5: Stasjonsbyane og lokalsentra i kommunen skal ha eit attraktivt tilbod for turgåing i nærmiljøet.

### Om andre tema – landbruk

Tal arbeidsplassar i landbruket er meir enn halvert på 10 år, og i 2016 er 30 sysselsette i landbruket. Driftsvilkåra i kommunen ligg ikkje til rette for stor og effektiv drift. Kommunen legg til rette for å prioritera kjerneområda for landbruk, og ønskjer å leggja til rette for ulike former for gardsturisme. Lokalmat og utnytting av lokale ressursar og tradisjonar vert vurdert som potensiale for å sikra landbruket i framtida, noko som kommunen meiner er viktig for å oppretthalda matproduksjon, levande bygder og vedlikehald av kulturlandskapet.

Kommunen har definert slike mål for landbruket:

- Delmål 1: Det totale jordbruksarealet i drift skal vere likt eller større i 2030 enn i 2017.
- Delmål 2: Produksjonen av mat skal vere på minst dagens nivå ved utgangen av planperioden.
- Delmål 3: Ved utgangen av planperioden skal fleire gardar drive med alternative bygdenæringar enn i dag.

### Om andre tema – fritidsbustad

Vaksdal kommune har 860 registrerte fritidsbustader. Av desse ligg 40% innanfor areal avsett til hytteområde. Kommunen ser potensiale for noko auke i talet på hytter, men ønskjer ei styrt utvikling der ein tar vare på dei attraktive kvalitetane som nærleik til fjellområda, urørt natur og lett tilkomst.

Kommunen har definert slike mål for fritidsbustader:

- Delmål 1: Innan utgangen av planperioden skal over 80% av nye hytter liggje i regulerte hytteområde eller område for LNF-spreidd fritidsbustad.
- Delmål 2: Nye fritidsbustader skal ikkje privatisera strandsone og vassdrag, eller redusere verdien av eksisterande landskapsbilete i vesentleg grad.
- Delmål 3: Med nærleik til Bergen skal Bergsdalen vere satsingsområde for fjellhytter, bygdenæringar og samanhengande tur- og skiløyper.

### Om Vaksdal kommune mot 2030

Dei store samferdselsprosjekta; ny jernbane og nye E16 Arna – Stanghelle (K5) er det som i planperioden vil ha størst konsekvensar for kommunen. Kommuneplanen synleggjer ny jernbanestasjon i sentrum både på Vaksdal (JC2) og Stanghelle (JD3). Ny E16 er på Vaksdal er av kommunen ønska gjennom Tolåsen (alternativ VC15) og på Stanghelle gjennom Budalen/Helle (VD1). Kommunen er sterkt imot E16 gjennom sentrum av Vaksdal, eit standpunkt som er støtta av Hordaland fylkeskommune i fråsegn til høyring av statleg plan.



*Traséval for ny jernbane og E16 som kommunen legg til grunn for si planlegging i påvente av planvedtak i statleg plan - Vaksdal til venstre, Stanghelle til høgre*

Vaksdal kommune vil for det vidare planarbeidet for ny jernbane og veg/E16 frå Stanghelle til Voss arbeida aktivt for at det vert starta arbeid med ein kommunedelplan for strekninga Stanghelle – Dale – Bolstadøyri. Dette vert tilrådd med bakgrunn i erfaringane




med statleg plan Arna – Stanghelle der ein har gått direkte frå konseptvalutgreiing til reguleringsplan.

Kommunen legg i forslag til arealdel føringar for områderegulering av dei tre stasjonsbygdene. Arealdelen definerer geografiske sentrumsområde, der det vert sett krav som skal innarbeidast i områdereguleringsplanar. I tillegg vert det definert eit område for områdeutvikling. Her er føremålet å synleggjera at kommunen vil byggja opp om dei tre stasjonsbygdene når det gjeld utvikling av bustader og næringsaktivitet. Utviklinga av desse områda vert styrt gjennom føresegner og krav om reguleringsplan.

### Om stasjonsbygda Vaksdal

Arealdelen legg tydelege føringar for kva som skal vera sentrumsområde i stasjonsbygdene. Desse områda skal ha høg utnytting, varierte sentrumsføremål, kort «reisetid» for sykkel og gange frå omkringliggjande areal definert for områdeutvikling, lett og god tilkomst til attraktive grøntområde og nærfriluftsliv (10-minuttars byen). Arealdelen har lagt til grunn ein arealbruk basert på at jernbanestasjonen vert flytta til nær Vaksdal senter. I området ved Vaksdal senter og forventa ny jernbanestasjon er det definert eit areal for urban utvikling. Mot nord og aust er dette arealet omkransa av eit areal for bustad – forretning – kontor: ei tydeleg konsentrering om sentrum.



*Planavgrønsing ved oppstart av områdereguleringsplan for stasjonsbygda Vaksdal*

Ved oppstart av områdereguleringsplan for Vaksdal er det sett ei plangrense som fannar vidt og inkluderer både Sædalen og Boge i tillegg til alt bebygd areal på Vaksdal. Dette er gjort for å sikra at ulike alternativ for traséar og tiltak for ny veg og bane kjem innanfor plangrensa. Etter at det er gjort vedtak i statleg plan og traséar er definert vil kommunen vurdere ei justering og innskrenking av planområdet for områdereguleringsplanen slik at planområdet vert i samsvar med reelle og realistiske

behov.

I planomtalen til arealdelen er det sett ei avgrønsing av det arealet som er definert som «områdeutvikling Vaksdal» (s 46). Denne avgrønsinga vil ikkje vera samanfallande med planavgrønsing for områdereguleringsplanen, men vil vera førande for områdereguleringsplanen.

### Om stasjonsbygda Stanghelle


Stanghelle ligg ved fjorden og har eit relativt stort sjønært areal for vidare utbygging. Stanghelle er den stasjonsbygda som er vurdert å ha størst potensiale for vekst og utvikling. I tillegg til attraktivt og regulert areal på land på Stanghelle vest er det potensiale for å skapa nytt byggjeland ved å fylla tunnelmassar i sjø langs utløpet av Dalevågen, utover til Holmen.

Arealdelen definerer eit utviklingsområde for Stanghelle på same måten som det er gjort for Vaksdal. Det er lagt til rette i arealdelen for at det kan fyllast ut i fjorden på begge sider av utløpet av Dalevågen, og at dette arealet skal få ei urban utvikling. Området skal ha felles føremål; bustad – forretning – kontor.

Kommuneplanen legg til grunn at ny jernbane vert lagt etter alternativ JD3. Dette er nære butikken, barnehagen og ein kafé og er i dag sentrum på Stanghelle. Arealdelen legg føringar for at det skal utviklast eit tett urbant sentrum rundt ny jernbanestasjon,

Den detaljerte planlegginga skal gjerast i områdereguleringsplanen for Stanghelle. Arealdelen legg føringar for dette planarbeidet. Viktige kvalitetar for Stanghelle som skal utnyttast: Utvikla staden med kvalitet, utnyttast verdiane i staden sin identitet, utnyttast nærleiken til sjøen og den inngrepsfrie Veafjorden, utnyttast nærleiken til landbruksareala og kulturlandskapet på Helle. Områdeplanen må avklara, og eventuelt leggja til rette for ei stegvis utvikling av Stanghelle.






Når traséar og arealbruk er avklart med vedtak i statleg plan skal kommunen tilpassa planavgrensinga for områderegeringsplanen for Stanghelle, slik det skal gjerast for Vaksdal. Arealdelen definerer eit utviklingsområde for Stanghelle og skisserer ei mogleg sentrumsutvikling (planomtalen s 50).

### *Utviklingsområde for Stanghelle*

### **Om stasjonsbygda og kommunesenteret Dale**

Dale har eit markant meir by-messig preg enn dei to andre stasjonsbygdene. Dale sentrum har ei utprega by-struktur. Dale er kommunesenter og her er det definert eit sentrumsføre mål med krav om områderegeringsplan der detaljane i sentrumsutviklinga skal fastsetjast (planomtalen s 40, fig 22). Planen legg ikkje opp til ei utviding av forretnings- nærings- eller kontorføre mål ut over sentrumsområdet. Planen har som målsetjing å transformera dei store industribygningane i Dale. Det er i tillegg definert eit areal for områdeutvikling av Dale. Dette området strekkjer seg til og med Dalegarden, men er innanfor 10 min sykkelavstand frå sentrum.



### *Utviklingsområde for kommunesenteret Dale*

### **Om soner for bygdeutvikling**

Kommunen ønskjer vekst i folketalet i området Straume - Stamnes for å sikra livskraft i dette lokalsamfunnet. For dette området er standarden på fylkesvegen eit hinder for utvikling, og kommunen vil arbeida aktivt mot fylkeskommunen for å få til ei betring. Området har gode landskapskvalitetar som kommunen ønskjer å verna om. Det er ikkje venta stor vekst i folketalet i området, og gjeldande planar gjev rom for noko nybygging. I tillegg legg kommunen til rette for nokre bustader i LNF-spreidd for folk som ønskjer ein meir landleg livsstil.

Planen legg til rette for eit friområde i Kuvika som gjev lokalbefolkninga betre tilgang til sjøen, eit landskap av høg kvalitet og med eit registrert kulturminne (skipsvrak).

For Eidslandet legg planen til rette for å utvikla vidare eit lite sentrum mot sjøen ved butikken. På Eidslandet er det regulert areal for etablering av nokre nye bustader som vil dekkja behovet i planperioden.

I Eksingedalen er det berre gjort mindre endringar i gjeldande plan, m.a. er krav om reguleringsplan endra til LNF-spreidd for nokre mindre område for fritidsbustad. Nokre slike område opnar og for både fritidsbustader og heilårsbustader.

Bergsdalen er prega av landbruk og hytter som er bygd ut over lang tid. Det mest sentrale området for dalen er Lid. Her ligg kyrkja, grendahus, skulen - som no er nedlagt, men er ein samlingsstad, Bergsdalstunet med møte og konferansefasilitetar på eit aktivt gardsbruk. Her er og eit gardsbruk med bær- og grønsaksutsal for lokalproduserte produkt.

Kommunen stør opp om konklusjonane i ein studie som rår til at Bergsdalen bør fokusera på urørd natur og halda fram med å satsa på hytteturisme, lokalmat, gardsturisme, fot- og fjellturar. Kommuneplanen opnar difor for bygging av fleire hytter, men i hovudsak innanfor areal der det i dag er spreidde hytter. Vidare hyttebygging må hushaldera godt med areala, slik at dette ikkje reduserer verdiane som er avgjerande for dalen sin attraktivitet.

Øvst i dalen, som grensar mot Voss og Kvam er det lagt til rette to større område for hyttebygging. For desse områda er det krav om reguleringsplan.

### **Plankart.**

Plankartet er utarbeidd i sosi-format, men presentert i høyringa som PDF. PDF-versjonen gjev eit oversiktsbilete av planen, men det er naudsynt å ha tilgang til sosi-versjonen for å gjera detaljerte vurderingar av ein del planelement og avgrensingane av desse.

### **Føresegner.**

Føresegner og retningslinjer er godt presentert. Her inngår ei innleiing som omtalar verknaden av planen, der det er ei omfattande ordforklaring som vil vera til hjelp ved bruk av føresegnene.

Føresegnene har ein god struktur og er detaljerte og tydelege. Det er eit klart skilje mellom kva som er føresegner og kva som er retningslinjer, men i oppsett av dokumentet kan dette skiljet redigerast enno tydlegare.

### **Konsekvensutgreiing**

Konsekvensutgreiinga (KU) vurderer areal som har endra arealføremål. KU er eit eige dokument som vedlegg til planen. Dokumentet inneheld ei innleiing som omtalar bakgrunn og metode, eit avsnitt med omtale av tema og datagrunnlag, og ei vurdering av kvart enkelt framlegg til ny arealbruk.

KU vurderer tre hovudtema: miljøkonsekvensar – andre konsekvensar – risiko og sårbarheit.

Miljøkonsekvensar har 5 undertema:

- Landskapsbilete – naturmangfald – nærmiljø og friluftsliv – naturressursar – kulturminne.

Andre konsekvensar har 5 undertema:

- Trafikk – teknisk infrastruktur – klima, energi og forurensing – folkehelse – barn og unge.

Risiko og sårbarheit har 3 undertema:

- Farekartlegging – vurdering av sårbarheit - tiltak i kommuneplanen sin arealdel.

Det er vurdert 30 arealelement, og om lag halvdel er tilrådd innarbeidd i planen. Det synest noko uklart korleis konklusjonen i KU er tatt omsyn til ved utarbeiding av planen; om elementet er tatt med, om delar av det er tatt med, eller om det ikkje er tatt med. Dette må ein til ei viss grad leita seg fram til i plankartet.

### 3. Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer vi i kva grad regionale interesser er ivaretatt i planen. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til og som har vore sentrale i tidlegare innspel. Omtale av nokre arealformål i planen er å finne oppsummert i kapittel 4.

#### 3.1 Generelt om planen

Det er gjort eit grundig arbeid med rulleringa av arealdelen til kommuneplanen. Kommunen har lagt vekt på medverknad, har søkt råd og avklaringar med regionale sektormynde inkludert regionalt planforum, har hatt god dialog med prosjektorganisasjonen for statleg plan om K5, og har bygd vidare på eksisterande arealdel. Planen gjev god kontroll med arealbruken i kommunen og vil vera eit effektivt styringsreiskap for framtidig arealbruk og utvikling. Det er likevel nokre vesentlege utfordringar med planen. For stasjonsbygdene Vaksdal og Stanghelle skal det etablerast store samferdselstiltak med ny jernbane, nye stasjonar og ny europaveg i planperioden. Dette vil ha store konsekvensar for desse bygdene, men og for kommunen totalt sett.

Kommunen har difor lagt generelle føringar i arealdelen med t.d. mål om utviklinga av eit tett urbant sentrum med varierte utbyggingsføremål i sentrum: bustad - forretning – kontor. Elles konsentrert og variabel bustadutvikling, lett og effektiv tilkomst ved gange og sykkel; «10-minuttars-byen», høg andel kollektivreiser, trafikk sikre løysingar og gode vilkår for nær-friluftsliv. Kommunen legg til grunn at det er områdeplanar som endeleg skal avklara og fastsetja arealbruk med føresegner og retningslinjer.

Kommunen har starta områdereguleringsplanlegging for både Vaksdal og Stanghelle for å takla denne utfordringa. Områdeplanane vert utarbeidd i samsvar og samarbeid med statleg plan for veg og bane, og vert tilpassa dei traseval og løysingar som vert resultatet av statleg plan. Når dette er klart vert planavgrensinga justert/innskrenka, føringane frå arealdelen av kommuneplanen vert innarbeidd, og det kan gjerast planvedtak for dei to stasjonsbygdene som sikrar ønska arealbruk og utvikling. Dette kan ikkje vera klart før ei tid etter at det er gjort vedtak i statleg plan. Truleg kan områdeplanane vedtakast i 2021/2022. Dette vert vurdert som eit realistisk og godt plangrep.

#### 3.2 Akvakultur

##### Akvakultur i kommuneplan for Vaksdal

I gjeldande arealplan er det to areal for akvakultur: Eit AK areal ved Sandvik og eit NFFFA ved Gammersvik. For NFFFA arealet gjeld retningslinjer, m.a.: «For NFFFA-områda som ligg innanfor sikringssona er det ikkje tillate med etablering av akvakulturanlegg for oppdrett av anadrom laksefisk.»

Forslag til arealdel i 2006 hadde ikkje med AK-område med unntak av området NFFFA i Gammersvik. AK-arealet i Sandvik i var ikkje innarbeidd i kommunen sitt forslag. På bakgrunn av kommunen sin lokalkunnskap om oksygentilstanden i fjordane i kommunen ønskte kommunestyret å ha ei føre-var haldning med omsyn til utslepp av store mengde organisk materiale. Kommunen la difor ikkje til rette for vidare akvakulturdrift i sjøområda i kommunen.

For å sikra areal for akvakulturnæringa hadde då Fiskeridirektoratet motsegn til arealdelen med krav om at kommunen innarbeidde minst eit AK-areal. Kommunen vedtok difor 19.02.2017 arealdelen for landområda i kommunen, men ikkje sjøareala.

I ettertid innretta kommunen seg etter Fiskeridirektoratet si motsegn og vedtok sjøareala der det var lagt inn eit areal for akvakultur (AK) ved Sandvik. Sjøareala i arealdelen av kommuneplanen vart så vedtatt 23.01.2008, og kommunen hadde ein heildekkande gjeldande arealdel.

##### Fylkeskommunen si rolle

Når det gjeld akvakultur har fylkeskommunen to roller:

- Sikra at det vert lagt til rette areal og vilkår for ei berekraftig og sterk akvakulturnæring i fylket.
- Sikra at aktivitet og tiltak vert balansert mot ulike omsyn, og kan gjennomførast på berekraftig og framtidretta måte i tråd med nasjonale og regionale mål.

I høyringsforslaget til ny arealdel for kommuneplan for Vaksdal vert fylkeskommunen konkret utfordra til å gjera slike vurderingar. Vaksdal kommune ønskjer å fjerna AK-areal i arealplanen ved Sandvik av miljøomsyn og dette arealet er ikkje med i forslag til rullert arealdel.

KIRU handsama i fråsegn til kommunedelplan for sjø- og strandsone for Osterøy kommune 2018 – 2027 (sak 2014/21474) same fjordområde og liknande problemstillingar.

### **Status: AK-området er fjerna**

I høyringsframlegget til ny arealdel er AK-området ved Sandvik fjerna. Vaksdal kommune ønskjer å fase ut og fjerne oppdrettsanlegget som ligg ved Sandvik vest for Boge. Kommunen si grunngjeving er miljøomsyn då det er registrert ei forverring av miljøtilstanden på fjordbotnen, og eit kraftig og kontinuerleg fall i oksygeninnhaldet i vatnet i fjorden. Kommunen skriv at anlegget ligg brakk i tråd med pålegg frå Miljødirektoratet grunna dårleg miljøtilstand i fjorden. Akvakulturlokaliteten ligg og nært området som er definert som nasjonal laksefjord noko som etter Vaksdal kommune si oppfatning ikkje er foreinleg med aktivt oppdrett av laks/regnbogeare.

### **Tilrettelegging for akvakultur**

Plan- og bygningslova § 1-1 fyrste ledd har ei overordna målsetjing: «Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.»

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging av 12.06.2015 heiter det mellom anna at «Fylkeskommunene og kommunene sikrer tilstrekkelig areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsonen planleggingen, og avveier dette mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet ses i et regionalt perspektiv».

Stortingsmelding 16 (2014-2015) om Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett, står mellom anna at «den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane», og at «samtidig som ein set av nok areal til framtidig havbruk, må ein optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og ein må leggje vekt på miljøomsyn».

I Regional næringsplan for Hordaland 2013 -2017 er havbruksnæringa trekt fram som ei av dei viktigaste næringane i fylket. Havbruksnæring er viktig for verdiskaping og for sysselsetting i distrikta. Næringa har potensiale for vekst og utvikling og det er heilt avgjerande at fylkeskommunen er med på å leggje gode rammevilkår. Areal til produksjon av sjømat er ein viktig faktor. I Handlingprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016 er eit av innsatsområda innan marin sektor å «sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling».

I Vaksdal kommune er det p.t. eit løyve til akvakulturverksemd. Dette er gjeve til matfiskproduksjon av regbogeare på lokaliteten Sandvik. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte akvakulturnæringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon, og at areala som vert sett av til dette formålet, vert utnytta på ein best mogleg måte.

Sjøområda som vert sett av til AK-område kring eksisterande anlegg bør vera store nok til å dekke behovet for å skifte ut og justere anleggsplassering. Bli områda små kan dette vanskeleggjere anleggs- og fortøyingsskifting innanfor arealplanen, og ein vil kunne få søknad om dispensasjon frå planen ved mindre endringar på lokaliteten. Dette vil vera uheldig i tilfelle der verksemdar vil skifta ut eldre anlegg med nyare og til dømes meir rømmingssikre installasjonar. På sikt vil det på grunn av dette bli vanskelegare å drive anlegga på ein miljømessig berekraftig måte.

Etter akvakulturlova sine §§ 6 og 15 fyrste ledd kan det ikkje gjevast løyve i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Dette er vidareført i laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav d og marinfiskforskrifta § 7 bokstav d, der det går fram at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det ikkje er i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Det same vil gjelde for endringar på allereie tildelte lokalitetar. Heile oppdrettsanlegget i overflata inklusiv fôrflåte, fortøyingar og ankerfeste må i planen liggje i areal som er planlagt for dette føremålet.

Akvakulturanlegget ved Sandvik ligg 4,8 km utanfor yttergrensa til området; Fjordane rundt Osterøy, som Stortinget vedtok oppretta som nasjonal laksefjord i mai 2007. Lokaliteten Sandvik vart klarert fyrste gong i

november same år. På grunn av nærleik til nyleg oppretta laksefjord var det ein føresetnad frå regional forvaltning at lokaliteten berre skulle kunne nyttast til oppdrett av regnbogeaure.

### **Fjerning av akvakulturområde ved Sandvik**

Ved lokalitet Sandvik er akvakulturområdet fjerna i forslaget til arealdel. For det aktuelle arealet er det gjeve løyve etter akvakulturlova til å etablere eit anlegg for oppdrett av matfisk av regnbogeaure med ein maksimal tillaten biomasse på 2340 tonn. Lokaliteten er godkjent for eit kompakt stålanlegg med tilhøyrande fôringsflåte.

Vaksdal kommune skriv at det ikkje er fisk i anlegget, og at Miljødirektoratet har brakklagt anlegget på grunn av miljøtilstanden i fjorden, samt at anlegget ikkje vil bli friskmeld på kort sikt. Kommunen viser og til vedtak frå Fiskeridirektoratet om utvida brakkleggingsperiode inntil miljøtilstanden er betra.

Anlegget på lokalitet Sandvik er i bruk, og det står regnbogeaure i merdane. Anlegget har vore brakklagt frå juli 2017 til og med september 2018 (Fiskeridirektoratet sitt pålegg 11.03.2018 (referanse 17/19602)). I oktober 2018 vart det sett ut fisk då miljømålingane viste nest beste tilstandsklasse «God». Produksjonsperioden er planlagt å vare til juni 2019, og deretter vert det ein lengre brakkleggingsperiode.

Løyve etter akvakulturlova vil gjelde sjølv om arealet til akvakultur vert fjerna i arealplanen. Før eller sidan får verksemda behov for utskifting av anleggsdelar, men dette vil ikkje vera mogeleg fordi eit slikt tiltak vil vera i strid med planen. Fjerning av AK-arealet betyr i praksis at det i den komande planperioden ikkje er mogeleg å endre anlegget: det kan ikkje skiftast ut bur med nye meir moderne ringar, anlegget kan heller ikkje plasserast på ein betre måte i høve straum og djupne. Konsekvensen er at det for framtida må nyttast same type anlegg på same stad som i dag. Denne næringa er kjent for rask teknologiutvikling og nye metodar vert tatt raskt i bruk. Ny teknologi, andre artar og nye driftsformer bør og kunne etablerast i Vaksdal kommune.

Fylkesrådmannen rår til at akvakulturområdet vert vidareført og tilpassa framtidige behov då området kan nyttast til andre artar og produksjonsformer dersom det viser seg at produksjon av aure ikkje er miljømessig berekraftig på lang sikt.

Innehavar, Lerøy Sjøtroll AS, vil utvikle lokaliteten vidare framover. Skal dette vera mogeleg må akvakulturområdet som eit minimum førast tilbake i arealplanen. For vidare utvikling med andre anleggstyper, teknologi og krav i nye forskrifter bør akvakulturområdet utvidast. Arealet bør utvidast slik at det er mogeleg å skifte ut noverande kompaktanlegg med ringar i rammefortøyning.

I konsekvensutgreiinga er ikkje akvakultur teke med. I landsbruksdelen har kommunen sett som mål at matproduksjonen frå landbruket skal minst vere på dagens nivå ved utgangen av planperioden. Produksjon av fisk i akvakulturanlegg inngår ikkje i dette målet, men matproduksjonen totalt sett i kommunen vert påverka då anlegget ved Sandvik har produsert om lag 1500-2500 tonn pr. år.


At akvakulturanlegget i Sandvik er lokalisert i Vaksdal kommune har gitt kommunen ei utbetaling frå Havbruksfondet på kr. 1 688 518 i 2018.

### **Miljøsituasjonen ved akvakulturområde ved Sandvik**

Når det gjeld overvaking og pålegg for akvakulturanlegg som gjeld miljøspørsmål er dette ansvaret delt mellom Fiskeridirektoratet og Fylkesmannen. I tillegg har Mattilsynet ansvar for å overvaka fiskehelsa. Fiskeridirektoratet overvakar miljøtilstanden lokalt, mellom anna på sjøbotnen, medan fylkesmannen overvakar resipienten, mellom anna oksygeninnhaldet i vatnet.

Reduksjon i sjøvatnet sitt oksygeninnhald i djupe delar av terskelfjordar på Vestlandet har blitt observert i dei seinare åra, og indre del av Sørfjorden ved lokaliteten Sandvik er eit døme. Ei forklaring går på at klimaendringane har ført til større meteorologiske endringar. Vi har fått mildare vintrar og høgare sjøtemperatur. Ei anna markert endring i vinterveret er frávær av lange periodar med kald vind frå nord. Det er slikt ver som er viktigaste drivkrafta for å få omrøring i terskelfjorden og innstrøyming av oksygenrikt kystvatn. Redusert oksygeninnhald i fjordane vil kunne få konsekvensar for mellom anna akvakulturnæringa og fiskeri i fjordane.

Oksygeninnhaldet i fjordar er mellom anna påverka av mengda tilført organisk materiale frå land og frå økosystemet i havet. Ved nedbryting av organisk materiale er det eit forbruk av oksygen. Kombinert med manglande omrøring er dette ei hovudårsak til fallet i oksygeninnhald i Sør fjorden og Veafjorden innom terskelen ved Garnes.



Figuren til venstre (Figur 1) er henta frå Fiskeridirektoratet sitt vedtak 11.03.2018 om brakklegging av anlegget ved Sandvik. Det viser oksygeninnhaldet i Sør fjorden ved målepunkt mellom Sandvik og Bruvik. Kurven visar verdiar fram til utgangen av 2017.

Figur 1: Oksygenforhold (ml/l) på ulike dyp i indre del av Sør fjorden. Data og figur utarbeidet av Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen i Hordaland er ansvarleg styresmakt for utslepp frå akvakulturanlegg og resipientovervaking, og varsla Lerøy Sjøtroll AS i 2015 om at det kan vera naudsynt å gjere tiltak i Sør fjorden som følgje av redusert miljøtilstand. Det vart seinare gjort vedtak om overvaking av resipienten Sør fjorden.

I løpet av dei siste åra har det difor blitt utført fleire tiltak i fjorden som hyppige miljømålingar, redusert produksjon og lengre brakklegging i aktuelt område.

I 2016 vart det starta eit utvida overvåkingsprogram som inkluderer overvaking av miljøtilstanden på tre stasjoner i fjorden pluss ein referansestasjon. Referansestasjonen skal representera forholda i resipienten utan påverknad frå akvakultur. Prøvetaking er planlagt årleg, og over fleire år, slik at ein kan sjå på utviklinga over tid. Vidare vil resultat av overvåkingsprogrammet avgjera om det er grunnlag for ytterlegare oppfølging.

I tillegg har Lerøy Sjøtroll AS sett i verk fleire tiltak, som til dømes betre kontroll med føringa, lengre brakkleggingsperiode og kortare produksjonsperiode. Verksemda viser med dette at dei prøver å tilpassa drifta på lokaliteten til miljøforholda.

### Framlegg til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur ikkje er ivaretatt i planframlegget frå Vaksdal kommune, særleg i høve til fjerning av areal avsett til eksisterande akvakulturanlegg. Det er knytt motsegn til følgjande punkt:
  - a. Akvakulturanlegget ved Sandvik må sikrast tilstrekkeleg areal.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at akvakulturområde ved Sandvik skal vidareførast og tilpassast framtidige behov då området kan nyttast til andre artar og produksjonsformer dersom det viser seg at produksjon av regnbogeaure ikkje er miljømessig berekraftig i framtida.

### 3.3 Samordna areal og transport

Vaksdal kommune definerer i arealdelen tydelege og avgrensa vekstsoner for urban utvikling i stasjonsbygdene Vaksdal, Stanghelle og Dale, og i tillegg eit mindre areal i Stamnes. Innanfor desse sonene er det definert avgrensa Utviklingsområde i kvar stasjonsbygd, og innafor desse igjen eit tydeleg og konsentrert sentrumsområde. Regional areal- og transportplan for Bergensområdet definerer berre Dale som lokal vekstzone. Med utbygging av ny veg og jernbane og nye stasjonar sentralt på Vaksdal og Stanghelle er det naturleg at desse to stasjonsbygdene óg inngår i kommunen sine vekstsoner.

Kommunen prioriterer tydeleg å konsentrera veksten til stasjonsbygdene, og å legg føringar i planen for å utvikla desse på ein god måte. Det er sett mål for kor stor del som skal vera kollektivreiser. Ved utgangen av planperioden skal over 70% av reiser til Bergen vera kollektivreiser.

Det er sett mål for tett utbygging med eit urbant sentrum i stasjonsbygdene. Her skal vera gode gang- og sykkel samband med lett og god tilgang til grøntareal og med gode vilkår for nær-friluftsliv. Dette er i tråd med Regional plan for attraktive senter og Regional areal og transportplan for Bergensområdet 2017 - 2028.

### **3.4 Arkitektur og estetikk**

I planomtalen er det tydeleg fokus på å utvikla stasjonsbygdene med kvalitet. For Stanghelle er det peika på at bygda i mindre grad enn Dale og Vaksdal har ein etablert struktur å byggja vidare på. Det er tilrådd å utarbeida eit designprogram og ein strategi for byrom og byggeskikk. Både Dale og Vaksdal vil i og stor grad verta påverka av dei nye infrastrukturtiltaka. Dessutan har det i ein lang periode skjedd ei utvikling i tettstadane der det har vore lite fokus på strukturar, og heilskapleg arkitektoniske vurderingar. Dessutan har omsynet til kulturmiljø og eksisterande arkitektur vore lite fokusert og tatt omsyn til ved etablering av nye tiltak og bygg.

Kommunen si målsetjing om å utarbeida eit designprogram og ein strategi for byrom og byggeskikk vil vera eit godt tiltak, som med fordel kan nyttast og/eller tilpassast både Vaksdal og Dale i tillegg til Stanghelle. Eit slikt program bør utarbeidast i samband med områdereguleringsplanane for stasjonsbygdene og innarbeidast eller forankrast i føresegnene til desse planane.

Føresegnene har særskilde føresegner for sentrumsområde som sikrar ei ønska utforming i slike område.

Kommunen har ei målsetjing om at det i løpet av planperioden skal etablerast minst eitt bustadprosjekt som får nasjonal merksemd for kvalitet og nyskaping. Dette er eit positivt og ambisiøst mål som kan verka stimulerande for ei god utvikling t.d. av stasjonsbygdene. Lukkast ein med prosjektet kan det vera med på å synleggjera kommunen på ein god måte.

### **3.5 Barn og unges interesser**

Planomtalen fokuserer på situasjonen for barn og unge, med tydeleg fokus på trafikkikkerheit, god tilkomst ved gange og sykkel, godt kollektivtilbod, gode og lett tilgjengelege friområde i stasjonsbygdene og god tilgang og tilkomst til område for nær-friluftsliv.

### **3.6 Friluftsliv**

Kommunen legg vekt på verdien av friluftsliv og legg i stor grad til rette for dette. Arealdelen legg ikkje opp til store endringar når det gjeld bruken av areala som er aktuelle og attraktive for friluftsliv, både på land og sjø. Planen legg og vekt på å sikra allmenn tilgang til sjø, fjell og anna friluftsområde, og har føringar og føresegner som skal førebyggja privatisering av attraktive areal. Kommunen prioriterer generelt å oppretthalda urørde areal og god tilkomst til desse, og har særleg fokus på dette i Bergsdalen og Eksingedalen. Kommunen legg vekt på at utmarks- og fjellområda i kommunen er attraktive og samstundes nære dei store folkemengdene i Bergensområdet. Kommunen ser det som positivt i eit folkehelseperspektiv at områda er attraktive og vert bruk. Samstundes ser ein potensiale for auke gardsturisme og for lokal verdiskaping med grunnlag i hyttene i kommunen.



### 3.7 Folkehelse

Kommunen har strategiar knytt til å få fleire i aktivitet. Dette er synleg gjennom fortettingsstrategiar, fleire tilbod innanfor korte avstandar, og i tillegg tilrettelegging med turstiar og grøntområde nær der folk bur. Lett tilgjengelege grøne områder tett på der folk bur, er særleg viktig med omsyn til dei mindre mobile innbyggjarane. Slik tilrettelegging bidreg til å redusera sosial ulikskap i helse. Kommunen har i tillegg eit sterkt fokus på å få ein meir variert bustadstruktur for å sikre mangfald og inkludering.

Det er sannsynleg at bygging av ny E16 vil resultera i auka konsentrasjonar av avgassar frå biltrafikk i stasjonsbygda Vaksdal. Ved Vaksdal vil to tunnellar munna ut i sentrum, eller nære sentrum, ein på 10 km og ein på 9 km. Val av trasé vil venteleg ha innverknad på omfanget av forureining. Kommunen bør formulera målsetjingar om luftkvalitet i stasjonsbygdene.

### 3.8 Klima og energi

«Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» legg føringar og krav til kommunal planlegging. Dette skal leggjast til grunn i alle kommunale planar. Retningslinjene omhandlar både omstilling til eit samfunn med lågare klimagassutslepp (klimaomstilling) og tilpassing til eit endra klima (klimatilpassing).

#### Klimaomstilling

Vaksdal har ein utsleppsprofil som er typisk for mindre distriktskommunar, der landbruk og vegtransport er dei viktigaste utsleppskjeldene. For meir informasjon om utslepp i kommunen kan de sjå:

<http://www.miljostatus.no/tema/klima/norske-klimagassutslipp/klimagassutslipp-kommuner/>



Figur 1 Klimagassutslepp Vaksdal kommune. Kjelde: Miljøstatus.no.

For å redusere utsleppa i Vaksdal kommune er trafikkreduksjon det viktigaste grepet. Nasjonale transportårer er det mindre kommunen kan gjere med, men areal- og transportplanlegging er viktig for å redusere trafikkbehovet lokalt. Utkast til kommuneplan gir temaet stor plass, og har ein heilskapleg tilnærming til problemstillinga, ved å ha strategiar for fortetting langs jernbana og å betre tilhøva for sykkel og gange.

Klimagassutslepp er ikkje berre knytt til i kor stor grad ein reiser kollektivt. Kva transportmiddel som vert brukt, og kva energikjelde (drivstoff) som vert nytta spelar og ei stor rolle. Nasjonal transportplan har som nasjonal målsetjing at alle nye personbilar etter 2025 skal vera utsleppsfrie når det gjeld klimagassar. Dette er uttrykt i NTP 2018-2029 (Meld.St.33), Kap: 11.2.10 Måltall for lav- og nullutslippsteknologi i vegtrafikken:

«Regjeringen etablerer følgende måltall for personbiler og lette varebiler og bybusser i 2025: Nye personbiler og lette varebiler skal være nullutslippskjøretøy. Bybusser skal være nullutslippskjøretøy eller bruke biogass.»


Det er ikkje realistisk at kollektivtransport kan dekkja store delar av transportbehovet i ein så vidstrakt og tynt befolka kommune som Vaksdal. Reisebehovet er fordelt over eit langt tidsrom i døgeret, t.d. for fritidsaktivitetar på kveldstid og i helger, med aktivitet og arrangement spreidd rundt om i kommunen. Det vil vera vanskeleg/umogeleg å gje eit dekkande kollektivtilbod for dette. Kommunen bør difor i tillegg til mål om

høg kollektivandel og setja mål for klimagassutslepp frå lokal transport. Bruk av elbilar, elsyklar, og andre utsleppsfrie transportmiddel gjev nye muligheiter, i tillegg er bruk av hydrogen som drivstoff i dag ei løysing som kan gjerast aktuell. Og nye løysingar og muligheiter kan ventast å koma.

### Klimaomstilling

Konsekvensutgreiinga til kommuneplanen byggjer på eksisterande kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing der utgreiingar tek inn vurderingar av ekstremvêr. Når det kjem til skred og havnivåstiging viser vi til høyringssvar frå NVE.

Handtering av overvatn er kommunen sitt ansvar. Med bratte fjell og store nedbørsmengder er dette eit sentralt tema i Vaksdal, det kjem og fram i konsekvensutgreiinga. Det er sentralt at kunnskapen om sårbarheit grunna overvatn som kjem fram i KU, kjem fram i føresegner i kommuneplanen. Dette for å unngå å byggje inn meir og unødige risiko i kommunen. Vi rår kommunen til å nytte tre-ledds-strategien i vurdering av tiltak for overvatn:



Figur 2 Illustrasjon: Prathepa Kirubaharan

For å lukkast med denne strategien er det viktig at kommunen set av tilstrekkeleg areal til at vatnet kan nå fjorden utan å gjere skade på verdiar. Løysingar må vere dimensjonert for venta framtidige nedbørsmengder, og vi rår kommunen til å nytte oppdaterte kunnskapskjelder i dette arbeidet:

<http://www.klimatilpassing.no/sektorer/vann-og-avlop/oppgaver/handtering-av-overvann/>  
<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Vannforvaltning/Overvann/Overvann-i-planlegging/>

### **3.9 Kulturminne og kulturmiljø**

Hordaland fylkeskommune har vurdert planen som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Fylkeskommunen har òg ansvaret for å samordne kulturminnefaglege innspel frå Riksantikvaren og Bergens Sjøfartsmuseum.

Vaksdal kommune har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2015). Kommunen sin kulturminneplan er her eit viktig reiskap og må nyttast som ressurs i høve til dette.

#### **Automatisk freda kulturminne**

KPA for Vaksdal har vist automatisk freda kulturminne som omsynssone H730 slik det er krav om. Mengda av kulturminne i Vaksdal har og fleire uavklarte og fjerna kulturminne. Førhistorisk aktivitet ikkje er avgrensa til synlege kulturminne, informasjon om fjerna kulturminne kan difor vise potensial for menneskelege spor før 1537. Hordaland fylkeskommune vil slik rå til fleire at Vaksdal tek inn fleire omsynsoner H570 rundt automatisk freda kulturminne jf. tabell under.

Fornminne id	Namn	Omsynsone
66745	Nesheim	H570 - rundt fornminne, listeført kyrkje og tidl. funnstad
215630	Bergo	H570 - rundt fjerna klyngtun
25652	Lavik	H570 må leggst inn over eit større område rundt gravminnet då her er eldre fjerna funn i lendet rundt.
6091	Flatekvål	H570 må leggst inn over eit større område rundt gravminnet då her er eldre fjerna funn i lendet rundt.

Hordaland fylkeskommune ser at kommuneplanen legg opp til ny arealbruk ved Dalegarden BKB-2, dette arealet har to registrerte lokalitetar: Askeladden id 141319 og 238862. I forslag til retningslinjer og føresegner er omsyn til kulturminna ikkje vist. ID 238862 er heller ikkje vist på plankartet. Dette er eit krav, då arealføremålet gjeld «industri, handverks- og lagerverksemd, område for plasskrevjande varer mm.» Området er alt i dag mykje utbygd slik at potensialet for konflikt er mindre. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at reguleringsplan for området vil avklara tilhøvet til automatisk freda kulturminne.

Fornminnet id 60479 på Stanghelle ligg i dag i utkant av Stanghelle sentrum. Areal nordvest for hellaren er nytta til jernbane og fylling i sjø. Planstatus for kulturminnet er ikkje regulert område, men ligg tett ved tre eldre reguleringsplanar. Hordaland Fylkeskommune legg til grunn at omsyn til kulturminnet vert teke vare på igjennom arbeid med områdeplan for Stanghelle.

Framlegg til kommuneplan er òg lagt fram for Bergen Sjøfartsmuseum som etter føresegna til kulturminnelova er marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen. Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. På grunn av planområdets store omfang føretrekk me at tiltak blir førelagde oss på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil trulig planane også være meir konkrete i utforming og omfang.

#### *Framlegg til vedtak:*

*Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.*

*Vaksdal kommune må leggje inn omsynssoner kring fornminnelokalitetane id 66745, 215630, 25652, 6091.*

*Vaksdal kommune må retta opp kart ved Dalegarden med omsyn til manglande kulturminnemarkering av id 238862.*

#### **Mellomalderiske kyrkjestader**

Framlegg til kommuneplan er òg lagt fram for Riksantikvaren, som har forvaltningsmynde for dei mellomalderiske kyrkjestadene Eksingedalen og Stamnes, begge automatisk freda etter kulturminnelova.

Eksingedalen kyrkjestad id 84083 og Stamnes kyrkjestad id 85543 inkludert ei sikringssone på 5 meter, er automatisk freda kulturminne som er bandlagt etter kulturminnelova, og dei må difor visast som omsynssone d) jf. pbl. § 11-8 d), SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha rutenettskravur.

Ut i frå kommuneplanen sitt plankart ser det ut som dei mellomalderiske kyrkjestadene allereie er vist som bandleggingssonar. Vi gjer likevel merksam på at rett geometri for kulturminna kan hentast frå Askeladden, under id. nr 84083 og 85543.

Føresegner som sikrar god forvaltning av kyrkjestadene må dessutan innarbeidast i kommuneplanen. Under omsynssone d), Mellomalderke kyrkjestader: må følgjande tekst takast inn i kommuneplanen sine føresegn:

*«Eksingedalen kyrkjestad (id 84083) og Stamnes kyrkjestad (id 85543) er automatisk freda. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan virke inn på den automatisk freda kyrkjestaden med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.*

*Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje bli flytta eller fjerna utan at kulturminnemyndigheitene er gitt høve til å komme med fråsegn.*

*Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt rette kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnadar knytt til nødvendige undersøkingar skal belastast tiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.»*

Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderke kyrkjegardar, er her meint ein jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vore i bruk etter 1945 meiner Riksantikvaren at desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger tilfredsstillir vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje takast opp att. Jf. Kirkerundskrivet, rundskriv T - 3/2000 frå Miljøverndepartementet og Kirke-, utdannings- og forsknings- departementet.

For all anna graving på den freda delen av kyrkjegarden skal det søkast om løyve etter kulturminnelova § 8. Riksantikvaren tilrår derfor at det ikkje vert planlagt treplanting, gjerder, stiar eller andre tiltak som vil innebere inngrep i grunnen innanfor den delen av kyrkjegarden som er avgrensa og definert som mellomalderkyrkjedad.

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare, ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot utilbørleg skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. Det er difor viktig å vurdere om tiltak i kyrkjestadene sine nærområde vil vere utilbørleg skjemma for dei automatisk freda kulturminna, jf. kulturminnelova § 3. Mellomalderkyrkjeadar var som regel små samanlikna med dei fleste kyrkjegardane i nyare tid. Det er difor avgjerande for opplevinga av mellomalderkyrkjeadar i landskapet at ein opprettheld eit opent kulturlandskap kring kyrkjestaden.

Riksantikvaren kan ikkje sjå at kommuneplanen har nye arealføremål som kjem i konflikt med mellomalderkyrkjeadar Eksingedalen kyrkjestad og Stamnes kyrkjestad. Riksantikvaren har uttalt seg til reguleringsplanen for Stamnes sentrum som er vedteken i 2014. Denne planen legg opp til sentrumsutvikling med bustader, forretning og kontor samt småbåthamn og hamneområdet i sjø. Planen er ikkje realisert, og legg premiss for arealutviklinga på Stamneshella på lang sikt. I brev datert 7.4.2014 til Hordaland fylkeskommune med innspel til reguleringsplanen for Stamnes sentrum rår Riksantikvaren til at føresegnene vert utforma slik at høgde og utforming på tiltaka tek tilstrekkeleg omsyn til Stamnes kyrkjestad.

*Framlegg til vedtak:*

*Under omsynssone d), Mellomalderke kyrkjestader, må følgjande tekst takast inn i kommuneplanen sine føresegn:*

*«Eksingedalen kyrkjestad (id 84083) og Stamnes kyrkjestad (id 85543) er automatisk freda. Det er ikkje tillate å gjere tiltak som kan virke inn på den automatisk freda kyrkjestaden med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.*

*Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Gravminne som er*

eldre enn 60 år skal ikkje bli flytta eller fjerna utan at kulturminnemyndigheitene er gitt høve til å komme med fråsegn.

*Ein eventuell søknad om løyve til inngrep eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminnet skal bli sendt rette kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnadar knytt til nødvendige undersøkingar skal belastast tiltakshavar, jamfør kulturminnelova § 10.»*

### **Statleg listeført veg, id 128948**

Riksantikvaren har òg gitt innspel i høve til den statleg listeførte vegen frå Dalseid til Eidslandet, id 128948, som er ein del av Rv 569 mellom Dalseid og Eidslandet.

Statleg listeført veg skal markerast med omsynssone c) SOSI-kode H570. Geometri for kulturminnet kan hentast frå Askeladden, under id nr. 128948.

For å sikre god forvaltning av vegfaret Dalseid-Eidslandet må følgjande tekst takast inn i føresegnene til kommuneplanen:

*«Vegfaret Dalseid-Eidslandet er statleg listeført. Innanfor omsynssona skal det ikkje etablerast tiltak som kan forringe kulturminneverdien. Vegen skal bevarast uendra eller førast tilbake til opphavleg utføring i tråd med dokumentasjon og i samråd med kulturminnestyresmakt. Mindre endringar kan berre tillastast etter ei kulturminnefagleg vurdering hos kulturminnestyresmakt.»*

*Framlegg til vedtak:*

*Følgjande tekst må takast inn i kommuneplanen sine føresegn:*

*«Vegfaret Dalseid-Eidslandet er statleg listeført. Innanfor omsynssona skal det ikkje etablerast tiltak som kan svekkje kulturminneverdiane. Vegen skal bevarast uendra eller førast tilbake til opphavleg utføring i tråd med dokumentasjon og i samråd med kulturminnestyresmakt. Mindre endringar kan berre tillastast etter ei kulturminnefagleg vurdering hos kulturminnestyresmakt.»*

### **Generelle føresegner**

Under punkt 1.6 Omsyn til eksisterande bygnad og kulturmiljø (heimel: Pbl. § 11-9 nr.7) står det:

«1.6.1. Ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om nye tiltak eller riving, skal eventuelle kulturminne og kulturmiljø skildrast, og det skal synast korleis ein har søkt å ta omsyn til desse

1.6.2. Verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.»

*Framlegg til vedtak:*

*Hordaland fylkeskommune ber om at punkt 1.6.2 i føresegner og retningsliner justerast, til:*

*«1.6.2 Verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.»*

### **Omsynssone H570 Bevaring kulturmiljø**

Det er i plankartet lagt inn omsynssoner for H570 Bevaring Kulturmiljø. I planskildringa står det at Plan for kulturminne 2015 – 2018 gjev eit utval av kulturminne og kulturmiljø som skal prioriterast for bruk og vern, at kulturmiljøa som er definert i kulturminneplanen er lagt inn som angitt omsynssone i planen, merkt i plankartet med H570. Fylkeskommunen har nokon merknader knytt til dette:

- Medan det i kulturminneplanen er lista opp 65 spesielt viktige kulturminne i Vaksdal som ikkje er freda eller verna, er det i plankartet berre lagt inn 28 omsynssoner H570. Det må vere ei betre kopling mellom kulturminneplanen og KPA når det gjeld tal på omsynssoner H570.
- Det er òg mangelfullt at konsekvensutgreiinga ikkje viser eller nemner omsynssoner H570 i eller like ved aktuelle planområde.
- Hordaland fylkeskommune ber om at omsynssonene for H570 bevaring kulturmiljø nummererast i plankartet, frå H570-01 og oppover.
- Det er naturleg i samband med revidering av kulturminneplanen å legge inn fleire omsynssoner H570, med eigne føresegn og retningslinjer. Døme på dette er husmannsplassen ved Sandalen/ Stølanset, og eldre gardstun på Lid.

*Framlegg til vedtak:*

*Hordaland fylkeskommune ber Vaksdal kommune sikre fleire kulturminne som er nemnt i kulturminneplanen, gjennom omsynssone H570 med føresegn og retningslinjer.*

### **Fylling i sjø**

#### V-05 Fylling i sjø - Vaksdal

Utfylling langs store delar av strandsona kring Vaksdal sentrum med fyllmassar frå bygging av ny Vossabane/E16. Areal skal nyttast til fleirfunksjonelle sentrumsområde, offentleg tenesteyting, bustader eller næring. Areal er delt inn i fire, nummerert frå sør til nord. Detaljeringa av areala skal løysast i ein felles områderegeringsplan for Vaksdal sentrum.

#### S-01 Utfyllingsareal Stanghelle vest og aust

Store fyllingar i sjø nord og sør for munninga av Dalevågen. Føremålet med arealet er sentrumsutvikling eller bustadbygging som følgje av forventa auke i etterspurnad ved etablering av ny E16 og Vossebane.

#### D-02 Grunkavågen

Utfylling av Grunkavågen, ein våg i Bolstadfjorden som ligg ved Dalseid nord for Dale sentrum. Forslaget føreset at arealet skal takast i bruk til næringsareal.

#### Merknader: V-05, S-01 og D-02:

Fylling i sjø endrar og påverkar landskapet, og endrar på den opphavlege strukturen i eit område. Dette er særleg kritisk i område med store kulturminneinteresser, slik som Vaksdal sentrum.

Utfyllingane i sjø må vurderast i samband med arbeidet med områdeplanane for Vaksdal og Stanghelle, og opp mot arbeid knytt til utarbeiding av ein kulturhistorisk analyse for desse tettstadene.

*Framlegg til vedtak:*

*Hordaland fylkeskommune ber om at føresegn og retningslinjer sikar at areal som gjeld utfylling i sjø, vert sendt Fylkeskonservatoren. Arbeidet med saker som gjeld utfylling i sjø må sjåast i samanheng med utarbeiding av områdeplaner og arbeidet med ein kulturhistorisk analyse av tettstadene Vaksdal og Stanghelle.*

### **Senterutvikling / tettstadutvikling:**

I Vaksdal kommune er fleire områdeplaner under utarbeiding. Kartlegging og analyse er ein viktig del av dette arbeidet.

Det er mange nyare tids kulturminne i tettstadene i Vaksdal kommune som er viktige å ta omsyn til i den vidare planlegginga av området. Auka urbanisering kan endre miljøet desse kulturminna ligg i.

Det er stor trong for ein kulturhistorisk analyse som ser dei tre stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale i samanheng. Samanlikna med Dale og Vaksdal er det færre nyare tids kulturminne ved Stanghelle ettersom

her ikkje har vore industriverksemdar eller anna liknande aktivitet over lang tid, men det er likevel trong for å sjå tettstaden Stanghelle i samband med dei to andre stasjonsbyane.

I revidering av kulturminneplanen er det viktig å synleggjere og vektlegge utvikling av industristadene. Dette arbeidet vert ein naturleg del av ein kulturhistorisk stadanalyse.

*Framlegg til vedtak:*

*Hordaland fylkeskommune ber om at Vaksdal kommune gjennomfører ein kulturhistorisk analyse som tek føre seg dei tre stasjonsbyane Vaksdal, Stanghelle og Dale.*

#### **D-07 Bustadområde på Dalegarden**

Nytt areal for bustadbygging sør for jernbanen ved Dalegarden. Området er i dag prega av spreidde einestadar, einskilde driftsbygningar og andre mindre bygg.

##### Merknad:

På Dalegarden er det regionale kulturminneinteresser, med mange SEFRAK-registrerte bygningar, der fleire av dei er eldre enn 1850 og meldepliktige ved rivning/ombygging. Den gamle Dalegarden, opphavelag det gamle klyngetunet, har høg kulturminneverdi og bør difor sikrast gjennom planen, med omsynssone med eigne føresegn og retningslinjer. Det er viktig at ein eventuell tilrettelegging av nye bustader i dette området tek utgangspunkt i dei eksisterande strukturane som er der i dag, slik at ein eventuell utvikling tek vare på det heilskaplege kulturmiljøet.

#### **ST-01 Stamnesfet**

Bygge 10-11 nye naust i strandsona på sørsida av Straumen på Stamnesfet.

##### Merknad:

Hordaland fylkeskommune meiner at tiltaket vil påverke landskapet i Bolstadstraumen på ein negativ måte, og rår til at tiltaket vert teke ut av planen.

#### **B-01 Lid – alpinanlegg**

Etablering av alpinanlegg ved Lid i Bergsdalen.

##### Merknad

Det finst fleire eldre bygg i området som ikkje er SEFRAK-registrert. Somme av tuna ligg i sin opphavlege kontekst. Desse har saman med kulturlandskapet ein relativt tydeleg tidsdjupne. Eit alpinanlegg vil bryte opp i dette og redusere verdien av gardstuna som kulturmiljø. Hordaland fylkeskommune meiner at tiltaket vil påverke kulturlandskap og kulturmiljø på ein negativ måte, og rår i frå tiltaket.

### **3.10 Landskap – vurdering av nye element**

Dei store utfordringane knytt til landskap vil vera knytt til dei store infrastrukturprosjekta som gjeld K5. Utfordringane vil og inkludera masseplassering, både mellombels og permanent. Dette er tema som må vurderast nøye i samband med statleg reguleringsplan og i områdereguleringsplanane for stasjonsbygdene. Kommunen har fokus på landskapet og landskapsverknader og vektlegg landskapsomsyn. Ved dei store samferdselsprosjekta som må gå over lang tid er det viktig å ta landskapsomsyn og for mellombels løysingar.

Kommunen har i konsekvensutgreiinga vurdert 30 forslag til endra arealbruk. Halvparten er tatt inn i større eller mindre grad i planen. Kommunen har gjort ei god vurdering av landskapsverknader av tiltaka, og har vore restriktiv med å ta inn nye element. Fylkesrådmannen støttar kommunen i desse vurderingane. Nokre element er nærare kommentert under avsnitt 4 i fråsegna.



### 3.11 Næringsutvikling og lokalsamfunn

Vaksdal kommune sitt framlegg til kommuneplan står fram som vel gjennomarbeidd og balansert knytt til fylkeskommunen sine interessefelt for næringsutvikling og lokalsamfunnsutvikling.

Ny transportinfrastruktur opnar for nye moglegheiter innan næringsutvikling, og kommunen er medviten om å utnytta desse. Vi har forståing for at kommunen ønskjer større grad av fleksibilitet, slik at verksemder kan etablere seg når etterspurnaden kjem. Det er vanskeleg å vite på førehand korleis etterspurnaden etter næringsareal vil utvikle seg i løpet av planperioden.

Kommunen ønskjer i størst mogeleg grad å etablere nye næringar i eksisterande næringsareal og næringsbygg. Strategien er vern gjennom bruk, då den historiske bygningsmassen er element som gjev staden identitet. fylkesrådmannen støtter korleis ein ser næringsutvikling i samheng med brei samfunnsutvikling. Det er ein styrkje at ein sameinar tankar om fleksibilitet med langsiktighet, det vil tene staden på sikt.

Det er positivt at Vaksdal ønskjer å satse på reiseliv, noko som truleg vil verte ein viktig næringsveg for framtida. Arbeidet med å utnytte potensialet til Bergsdalen gjennom å tilby besøkjande fleire tilbod kan gje gode ringverknadar for næringsliv i kommunen. Strategien med småskala og naturbaserte tilbod gjennom ei heilårs opplevingsløype, er i tråd med trendar innan reiseliv: tilreisande ønskjer unike og «ekte» opplevingar. Vaksdal synes å vere sterkt medvitne om eigne kvalitetar i natur og landskap, og om å ivareta desse best mogleg, samstundes som ein utviklar tilbod og næringar. Det kan vera positivt Vaksdal kommune å unngå ein «stort og mykje»-strategi.

### 3.12 Samferdsle

Fylkesrådmannen er positiv til den merksemd dei nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* er vist i arealplanlegginga for Vaksdal kommune. Det er særskilt i dei sentrale stasjonsbyane det er lagt vekt på eit utbyggingsmønster og transportsystem med fokus på kollektivtransport, sykkel og gange. Målsettinga er at heile 90 % av nye bustader skal ligge i sykkellavstand til ein jernbanestasjon. Dette er ei viktig og ambisiøs målsetjing som krev at kommunen prioriterer sentrumsnær bustadutvikling framfor mindre sentrale områder langs fv 314 og fv 569.

Ønsket om å fortetta rundt kollektivknutepunkta og gjere tettstadane attraktive krev god planlegging og tilrettelegging av hensiktsmessig og trygg infrastruktur for mjuke trafikantar. I føresegnene (1.4.6) er det stilt krav til tal på bilparkering ved nybygg med ulike formål. Det bør og stillast krav til sykkelparkering, særleg til nybygg som har offentleg interesse, som til dømes handel. Sykkelparkeringa må opplevast som trygg og gjerne vere under tak. Slik tilrettelegging vil vere viktig for å auke sykkelbruken i kommunen, og difor bør sykkelparkering sikrast i føresegnene.

Vidare vert det i føresegnene lagt opp til at det kan parkerast langs felles tilkomstveg for turgåarar og hytteeigarar. Generelt kan ein slik løysing skape utfordrande situasjonar, og det må presiserast at slik parkering langs fylkesveg ikkje kan akseptast av fylkeskommunen. Av omsyn til vedlikehald, beredskap og framkome langs vegane vil vi oppmode kommunen om å vere varsam med å tillate parkering langs tilkomstvegar. Parkering i samband med bruk av fritidsbustader bør vere sikra gjennom føresegna.

Fylkeskommunen registrerer at det er føreslått å sette i gong eit planarbeid for lokalisering av ny vegtrasé for fv 569, frå Dalseid til Geitabotn. Vi gjer merksam på at denne vegtraséen ikkje er forankra i Regional Transportplan 2018-2029.

### 3.13 Senterutvikling

Kommunen har eit stort fokus på senterutvikling i stasjonsbygdene. Målsetjingane er i samsvar med regional plan for attraktive senter, regional plan for areal og transport i Bergensområdet og regional klimaplan. Det er gitt kommentarar til senterutvikling fleire stader i denne fråsegna. Fylkesrådmannen har merka seg at kommunen har vesentleg høgare ambisjonar for folketalsvekst enn det fylkeskommunen prognoserer for området.

Fylkesrådmannen vurderer det slik at Vaksdal kommune har mål for senterutvikling som samsvarar med regionale planar, og at det er ei god løysing å detaljplanleggja utviklinga av stasjonsbygdene gjennom områdereguleringsplanar.

### Om handel

Regional plan for attraktive senter i Hordaland har eit overordna mål for handel: «Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.»

Planen set og tre delmål :

- Dekningsgraden for detaljhandel skal balanserast mot folketalet i handelsomlandet definert av kommunen.
- Ny detaljvarehandel skal i hovudsak lokaliserast i senter innanfor sentrumsområdet.
- Daglegvarehandle skal lokaliserast i senter eller nære bustadområde.

Det er i regional plan knytt føresegner og retningslinjer til arealbruk for handel. Desse må innarbeidast i arealdelen til kommuneplanen.

Føresegnene og retningslinjene for handel er:

### Regionale føresegner for arealbruk til handel:

Med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova gjeld føresegn pkt. 4.1 i 10 år frå 10.12.2014 eller til punktet blir erstatta av føresegner i kommunal arealplan:

Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillatt i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan.

Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning i kommunal plan, gjeld retningslinjer for arealplanar i sentrumsområde pkt. 2.3 i denne planen.

Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3.000 m<sup>2</sup> krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.

Det gjeld unntak for:

- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m<sup>2</sup> samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.
- 

### Regionale retningslinjer for arealbruk til handel:

Handelsanalysen skal gjennomførast av planfremjar som ein del av ny reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve. Dersom kommunen har utarbeida overordna handelsanalyse som er tilstrekkeleg grunnlag for regional vurdering av det nye handelsarealet fell kravet vekk.

Handelsanalysen skal innehalde følgjande vurderingspunkt:

- Handelsbalansen i kommunen/området og vurdering av trong for auka handelsareal.
- Definerings av tiltakets handelsomland.
- Framskrivning av folketal i handelsomlandet i 20 år ut i frå SSB sin middelprognose. Framskrive folketal kan justerast i høve til bustadutbygging vedtatt i kommuneplan.
- Tiltakets bruksareal i høve til samla bruksareal for handel innanfor sentrumsområdet
- Totalt arealbehov for handel med utgangspunkt i gjennomsnitt 2 m<sup>2</sup> handelsareal pr. person i omlandet.
- Totalt arealbehov for handel fordelt på dei ulike senternivåa.

- Verknader av reguleringsplanen/tiltaket for eksisterande senter.
- Særlege tilhøve som effekten av gjestearbeidarar, studentar, turisme.

4.1 Behov for areal til handel skal vere tema i kommuneplanens arealdel.

4.2 Behov for areal til daglegvarehandel skal vurderast ved regulering av nye bustadområde.

4.3 For utforming av handelsbygg gjeld retningsliner i Kapittel 2 – Attraktive sentrum.

4.4 Fylkeskommunen skal ved handsaming av søknad samrå seg med kommunane og fylkesmannen før samtykke vert gitt. Dersom tiltaket er openbart i strid med nasjonale interesser skal samtykke normalt ikkje gjevast.

Forslag til vedtak:

*Føresegner og retningsliner for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i føresegner og retningsliner til arealdelen av kommuneplanen. Det er knytt motsegn til dette punktet om dette ikkje vert gjort.*

### **3.14 Mineralressursar**

Arealdelen har ved rulleringa ikkje lagt opp til ny og endra uttak av mineralressursar og sand.

I samband med bygginga av ny veg og bane (K5) vert det sær store mengder med uttatte fjellmassar. Dette er massar som i størs mogeleg grad må få ein samfunnsnyttig bruk. Krav om samfunnsnyttig bruk bør innarbeidast i planomtalen og/eller i føresegnene.

Ved utfylling av massar i sjø må det sikrast ei fagleg forsvarleg utgreiing om mogelege konsekvensar av slik fylling, både lokalt og i resipienten, t.d. partiklar og kjemikalie m.m. Resipienten vil i stor grad vera definert Laksefjord. Dette bør innarbeidast i planomtalen og/eller føresegnene.

### **3.15 Strandsone**

Kommunen har vore restriktiv når det gjeld å leggja til rette for nye og utvida tiltak i strandsona. Kommunen har lite av lett tilgjengeleg og attraktiv strandsona for ålmenn bruk og det er viktig å ha eit fokus på å ta vare på desse kvalitetane. Kommunen tar i planforslaget omsyn til dette og legg vekt på å avgrensa privatisering av strandsona både langs sjø og i vassdrag. Dette er i samsvar med nasjonale og regional mål.

### **3.16 Vassforvaltning**

Kommunen har stort fokus på miljøtilstanden i resipienten Sørfjorden og Veafjorden. Det vert vist til avsnittet om 3.2 Akvakultur.

### **3.17 Vilt og innlandsfisk**

Vesentlege delar av fjordane i kommunen er definert nasjonal laksefjord. Kommunen legg ikkje i planen opp til tiltak som forverrar situasjonen for villaksen. Men deponering i sjø av tunnelmassar, t.d. på Stanghelle ved innløpet til Daleelva vil krevja nøye utgreiing og grundig planlegging, med særleg vekt på omsynet til villaksen.

## **4. Innspel til utvalde arealføremål**

Når det gjeld Bolstadfjorden så høyrer den under definisjonen midtre bygder på Vestlandet og har stor landskapsverdi; nest høgste verdi. Dette landskapsområdet strekkjer seg frå Bolstadøyri til Stamneshella. Områda ute i Veafjorden og Eidsfjorden er definert som landskap av middels verdi. Kommunen har prioritert landskapsverdiane i dette området og har ikkje tatt med naustområde på Stamnesfet og i vestre del av Kuvika. Kommunen har definert eit frområde i Kuvika for å sikra god tilkomst til Bolstadstraumen/sjøen i dette området. Dette er prioriteringar som samsvarar med regionale interesser.

Det er ikkje tatt inn areal for småbåthamn på Oterneset i Veafjorden, eit sær eksponert område. Dette er ei vurdering som samsvarar med regionale interesser.

Kommunen legg til rette for 4 bustader i LNF-spreidd fordelt på begge sider av Kallestadsundet; Hagen og Kallestad (Føresegnene 5.2). Det er sett rammer og krav til utbygginga i føresegnene, mellom anna at det ikkje skal byggjast på dyrka jord. Lokaliseringa og innpassing til eksisterande bustader kan akseptast om det er sikker og godkjend tilkomst.

Det er ønskjeleg at føresegnene gjer det tydeleg korleis det vert sikra lett og allmenn tilgang til den attraktive delen av strandsona i desse områda. Ved bygging i dette særskilte eksponerte arealet ved Veafjorden må det leggjast stor vekt på landskapstilpassing og arkitektur. Føresegnene 5.2.6 skal ivareta dette. Dei aktuelle areala her ligg i stor grad innanfor 100m-beltet langs sjø der det etter pbl. gjeld byggjeforbod. Det er ikkje lett å identifisera byggjegransa langs sjø for desse areala i plankartet. Det bør sikrast at byggjeforbodsgrensa er synleg og tydeleg. Byggjegransa kan med fordel omtalast i føresegnene til dei einiskilde aktuelle areal.

Kommunen viser i planomtalen til at rett til båtfeste utan terrenginngrep er privatrettsleg. Båtar som ligg i bøye/på svai har eit stort fotavtrykk i sjøareala og vil i praksis hindra bruk av sjøareala t.d. for ferdsl og fiske. Kommunen bør gjennom føresegnene avgrensa lokalitetar og omfang der båtar kan leggjast på svai.

## 5. Oppsummering

Vaksdal kommune har trong for å oppdatere arealdelen av kommuneplanen. Det er vesentlege utfordringar med å gjera dette no grunna statleg reguleringsplan for ny Vossebane og E 16 Arna – Stanghelle (K5). For desse infrastrukturprosjekta vert det gjennomført ein statleg reguleringsplan som skal avklara traséval, løysingar for tiltak og masseplasseringar. Dette er i prosess, men vedtak er venta fyrst om ca 2 år.

Kommunen har i planomtalen til rullert arealdel gitt føringar for utviklinga med særleg vekt på stasjonsbygdene Vaksdal og Stanghelle. Det er her mål og avgrensingar for ei utvikling i tråd med regionale planar og målsetjingar.

For desse tettstadane er det starta arbeid med områdereguleringsplanar. Det er sett plangrenser og reguleringsplanarbeidet vert gjort i tett kontakt med prosjektorganisasjonen for statleg plan for K5. Arbeidet med områdereguleringsplanar kan ikkje fullførast før etter at det er gjort vedtak i statleg plan og traséane m.m. er fastsett.

Kommunen har fjerna eit AK-område ved Sandvik i planforslaget. Dette er grunngjeve med miljøomsyn då det etter etablering av akvakulturproduksjon på lokaliteten i 2011 er registrert ei alvorleg utvikling av miljøtilstanden i resipienten Sørfjorden/ Veafjorden. Fylkeskommunen sitt ansvar for å leggja retteleggja for akvakultur er vurdert opp mot miljøkonsekvensar av aktiviteten og kommunen sine eiga prioritering. Det er tilrådd å ikkje å akseptera kommunen si prioritering med fjerning av AK-området, slik at dette vert tilrådd vidareført.

Vaksdal kommune har kulturminne og kulturmiljø som i nokon grad bør synleggjerast og sikrast betre gjennom arealdelen av kommuneplanen. Kommunen bør og gjera ei vidare registrering av kulturminne og kulturmiljø. Dette er synleggjort i fråsegna og i konkrete vedtakspunkt.

Framlegg til ny arealdel av kommuneplan for Vaksdal kommune er gjennomarbeidd, utarbeidd med brei deltaking, i dialog med regionale styresmakter og planforslag er drøfta i regionalt planforum under utarbeidinga. Planen legg til grunn regionale planar og er vurdert å gje god kontroll og styring med arealbruk og utvikling i kommunen i den utfordrande situasjonen kommunen står i.